

Møteinnkalling

Utval:	Styret for Fagskulen Vestland
Møtestad:	Nettmøte
Dato:	25.01.2024
Tid:	Kl. 09:00

Oppmodar om at avklaring om habilitet vert meldt i forkant av møtet.

Dersom nokon av medlemmene i styret ikkje kan møte og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast til Ingrid.Fagerheim.Settem@vlfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Styret for Fagskulen Vestland. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Kl. 09:00 Velkommen ved rektor

Kl. 09:10 Presentasjon – Finansieringssystemet v/prorektor organisasjon og samhandling

Kl. 09:40 Sakshandsaming

Kl. 11:00 Avslutning

Oddmund Klakegg

Styreleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
GK 01/24	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste	2022/486	
GK 02/24	Godkjenning av møteprotokoll frå 07.12.2023	2022/486	

Referatsaker

RS 01/24	Orientering om arbeidet med ny felles arbeidstidsavtale	2022/486	
----------	---	----------	--

Vedtaksaker

VS 01/24	Tilbaketrekking av tilbud i Samordna opptak	2022/486	
VS 02/24	Møteplan for Styret for Fagskulen Vestland 2024	2022/486	

Saksnr:	2022/486-117
Saksbehandlar	Adeline Berntsen Landro
Dato:	18.01.2024

Til: Styret for Fagskulen Vestland

Frå: Rektor

Orientering om arbeidet med ny felles arbeidstidsavtale

Fagskulen Vestland har vore i virke i litt over to år, og skulen har framleis ingen felles avtale om arbeidstid for det pedagogiske personell ved skulen. Det har vorte arbeida med dette sidan våren 2022 og rektor er bekymra for både skulen sitt omdømme og dei tilsette sine arbeidstilhøve. Planlegging for neste skuleår 24/25 ligg føre oss no og dette er vanskeleg utan ein avtale å planlegge ut i frå. Slik rektor ser på moglegheitene til å komme fram til ein felles arbeidstidsavtale verker dette vanskeleg og partane er langt frå kvarandre.

Kvifor vert dette arbeidet så vanskeleg?

To avtaler.

Fagskulen Vestland har i dag to sett med avtalar som regulerer eller grip inn i arbeidskvardagen for dei tilsette. Ein avtale med studentane (studieplan) som seiar noko om kor mykje undervisning ein student kan rekna med å få frå institusjonen og ein arbeidstidsavtale som seier noko om kor mykje ressursar fagskulen nyttar for å oppfylle avtalen med studentane. Kombinasjonen av desse avtalane seier oss mellom anna noko om kor mykje ein gruppe med studentar kostar skulen.

Avtale med studentane.

Gjennom styrevedtaket i des. 2022 vart det vedteken at avtala vår med studentane skulle vere maks 990 timar undervisning pr 60 studiepoeng. Dette innebar at studentane ved dei samlingsbaserte utdanningane i gamle Sogn og Fjordane fekk ein betre avtale, og deira undervisningstal vart auka frå 915 til 990, mens ved dei andre studiestadane vart avtalen dårlegare ved at undervisninga vart redusert med om lag 25% eller 340 timar. Det forutsett at ein legg til grunn at dess meir undervisning ein student får dess betre vert det for studentane å nå sine læringsutbytte.

Avtala med studentane vart ikkje omfatta av forhandlings og drøftingsplikta arbeidsgjevar har med dei tilsette men ein avtale som skal drøftast med studentane. Arbeidsgruppa som styret satt ned hausten 2022, bestod av både studentar og tilsette.

Avtale med dei tilsette.

I utgangspunktet var ikkje avtalane mellom dei to fagskulane veldig ulik. Fagskulane har i hovudsak nytta grunnutdanninga sitt avtaleverk som retningsgjevande for dette arbeidet. Det gjeld alle dei offentlege fagskulane. Då nyttar ein eit komprimert årsverk dvs. 38 veker og ein arbeidsmengde for læraren på 43,5 timar pr veke. Årsverket styrast som hovudregel etter ein tre-delning av arbeidsåret, der ein del er undervisning (leseramma) ein del for- og etterarbeid og ein del med intuisjonens si tid gjerne omtala som rektor si frie disponering av tida.

Kor mykje ein lærar underviser i eit skuleår har betydning for ressursbruken til skulen.

I gamle Sogn og Fjordane så underviste ein lærar 668 timer pr skuleår. I gamle Hordaland så underviste ein lærar 650 timer pr skuleår. Dette var hovudregel. I avtalen frå gamle Sogn og Fjordane var det eit viktig unntak ein lærar som hadde samlingsbaserte utdanningar underviste 15% meir enn lærarar som hadde heiltidsstudentar. Dette er ein kjent praksis frå mange offentlege fagskular. Det betyr at ein lærar som underviste berre utdanningar som var samlingsbaserte i gamle Sogn og Fjordane underviste 768 timar. I gamle Hordaland var ikkje det eit skilje mellom samling og heiltid, der underviste lærar same tal 650 timar.

I arbeidet med å finn ein felles arbeidstidsavtale har forhandlingsutvalet til VLFK lagt til grunn følgjande prinsipp:

1. Ein skil ikkje mellom heiltid og samling lik tal undervisningstimar for lærar.
2. Eit timetal som ligg godt under både 650 og 668, 600 timar har vert lagt fram.

Det betyr at begge skulane får ein betre arbeidstidsavtale enn dei hadde før samanslåinga, noko som igjen driv kostnadane oppover for Fagskulen Vestland.

Samanhengen mellom avtalene.

Sjølv om vi har gjort eit poeng med å skilja dei to avtalene frå kvarandre så heng dei saman og påverkar kvarandre. Dei påverkar kor mykje belastning ein lærar opplev å måtte jobbe og det påverkar kor mykje ressursar Fagskulen vestland må bruke på kvert produserte studiepoeng. Her er eit eksempel på kor mykje dyrare skulen vert å drive.

Dei samlingsbaserte utdanningane i gamle Sogn og Fjordane vart produsert slik: Studentane 915 timar undervisning og ein lærar 768 timar med undervisning. Det gir oss eit ressursbehov på 1,2 lærar pr 60 studiepoeng. Eller om lag 1,131 millionar pr produserte 60 studiepoeng. Med 25 slike grupper så vil dette koste Fagskulen om lag 28, millionar. Med den ny avtalen med studenttimetal på 990 timar og ein lærar med avtale på 620 timar undervisning så vil dette koste oss om lag 38 millionar. Og det er dette som no har skjedd at fagskulen er blitt mellom 8 og 10 millionar dyrare å drive, utan at inntektene til skulen har auka. Igjen som ein følgje av like vilkår for dei tilsette.

Dei hovudtillitsvalte er ikkje nøgd med 620 timar undervisning og meiner at når studentane får redusert sin undervisning med 25% så skal også dei tilsette få sin undervisningsmengde redusert tilsvarande. Det vil si om lag 500 timar med undervisning pr lærar, (dette gjeld då særleg den del av skulen som har redusert omfanget av undervisning til studentane). Følgjer vi eksempelet over vil det bety at dei 25 gruppene i gamle Sogn og Fjordane vil koste om lag 47 millionar altså ytterleg om lag 10 millionar auke på Fagskulen Vestland. Heiltidstilboda i gamle Sogn og Fjordane og tilboda som er i gamle Hordaland vil ikkje verte noko dyrare i dag, da desse er finansiert med ein ressursbruk på om lag to stillingar pr gruppe (60 studiepoeng).

Eit eksempel på løysning kan vere:

Studentane som føl eit heiltidsstudium og studentane i gamle Hordaland får 1150 timar undervisning pr 60 stp. Då har framleis desse tilboda fått ein reduksjon i tilboda med om lag 180 timar, medan samlingsutdanninga i gamle Sogn og Fjordane har framleis fått meir undervisning og vert ståande på 990 timar.

Det pedagogiske personalet får meir tid til å tilpasse nye undervisningsopplegg til ein ny kvardag med redusert mengd undervisning. Studentane skal framleis oppnå dei same læringsutbytta men undervisningsopplegg må endrast. Dette har dei brukt fleire år på å arbeide med i Sogn og Fjordane. Modellen vart innført i 2016.

Ein arbeidstidsavtale som ikkje er dårlegare enn det ein har i dag betyr 650 timar undervisning pr arbeidsår. Dei samlingsbaserte utdanningane i gamle Sogn og fjordane vil i ein slik modell koste om lag 36 millionar, dyrare enn før samanslåinga, men vert ikkje enda dyrare. Det er også i arbeidstidsavtalen høve til å differensiere på størrelse på gruppene. Det betyr at ein brukar mindre ressursar på mindre grupper. Dette vil også spegle opplevd arbeidsmengde.

Saksnr: 2022/486-116**Saksbehandlar:** Adeline Berntsen Landro

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 01/24	25.01.2024

Tilbaketrekking av tilbud i Samordna opptak

Forslag til vedtak

1. Tilbudet Havbunnsinstallasjon vert trekt frå Samordna opptak våren 2024.
2. Fagskulen nyttar tida fram mot neste opptak våren 2025 med å revidere utdanninga og akkreditere den på nytt.

Samandrag

Styret vedtok 07.12.2023 sak om mellombels tilbodsstruktur. Tilbudet Havbunnsinstallasjon vart vedteke lagt ut i Samordna opptak, men rektor vurderer nå at utdanninga ikkje tilfredsstillar krava til akkreditering fordi det ikkje har vore studentar ved tilbudet dei tre siste åra, som er eit krav i fagskoleforskrifta § 52.

Torbjørn Mjelstad
rektor

Adeline Berntsen Landro
prorektor

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Styret handsama i møte 07.12.2024 sak VS 18/23 om mellombels tilbodsstruktur for 2024/25. I saka vart det vedteke kva tilbod som skulle lysast ut gjennom samordna opptak våren 2024. Gjennom sakshandsaminga vedtok styret å legge ut fleire tilbod enn det som var føreslått av administrasjonen. Dette var følgjande tilbod:

- Automatisering heiltid
- Maskinteknikk heiltid
- Havbunnsinstallasjoner heiltid

Administrasjonen har i etterkant følgd opp vedtaket, men ser at tilbodet Havbunnsinstallasjoner ikkje lengre tilfredsstillar krava til akkreditering, og rektor vil såleis tilrå at styret trekker tilbodet frå Samordna opptak.

Årsaka til at utdanninga ikkje lengre tilfredsstillar krava til akkreditering er fagskuleforskrifta § 52 om bortfall av akkreditering av fagskoleutdanning:

«§ 52. Bortfall av akkreditering av fagskoleutdanning
Dersom det ikke har blitt tatt opp studenter og ingen studerer ved utdanningen i løpet av tre sammenhengende år, bortfaller akkrediteringen av fagskoleutdanningen. Dette gjelder ikke dersom fagskolen i løpet av siste tre år har hatt studenter ved samme akkrediterte fagskoleutdanning ved et annet studiested eller gjennom en annen organiseringsform.»

Fagskulen har ikkje hatt studentar ved utdanninga Havbunnsinstallasjon sidan våren 2019, og det er såleis meir enn tre år sidan den har vore aktiv. På bakgrunn av dette må fagskulen gjere ei ny akkreditering av utdanninga. Fagskulen har årleg revisjon av aktive studieplanar, og studieplanen for Havbunnsinstallasjon har ikkje vore del av denne revideringa. Det er derfor naudsynt å gjere ei større revidering i tillegg til ny akkreditering, og dette vil vi ikkje kunne ha klart til 1. februar når Samordna opptak opnar for søkjarar. Studieplanen er vår avtale med studentane, og alle studieplanar skal vere ferdig revidert før 1. februar og tilgjengeleg for søkjarane.

Rektor vil vidare tilrå at skulen nyttar tida fram mot neste opptak våren 2025 for å revidere studieplanen og akkreditere den på nytt. Relevant arbeidslivet må også vere ei del av revisjonen for å sikre at innhaldet i utdanninga er i tråd med det som vert etterspurt.

Vedtakskompetanse

Jf. Lov om høgyere yrkesfaglig utdanning § 9 andre ledd er det styret for fagskulen som har kompetanse til å vedta tilbodsstruktur:

«Styret selv skal fatte vedtak om at det etter styrets skjønn er forsvarlig å ta opp nye studenter. Vedtaket skal fattes før studiestart.»

Konklusjon

På bakgrunn av saksframlegget vil rektor tilrå at tilbodet Havbunnsinstallasjoner vert trekt frå Samordna opptak våren 2024 og at skulen nyttar tida fram mot neste opptak våren 2025 til å revidere utdanninga og akkreditere den på nytt.

Saksnr: 2022/486-118**Saksbehandlar:** Ingrid Fagerheim Sættem

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Styret for Fagskulen Vestland	VS 02/24	25.01.2024

Møteplan for Styret for Fagskulen Vestland 2024

Forslag til vedtak

1. Styret for Fagskulen Vestland vedtek følgjande møteplan for 2024:

Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni
Torsdag 25.		Torsdag 21.	Fredag 26.		

Juli	August	September	Oktober	November	Desember
	Tysdag 27.		Torsdag 17.		Onsdag 4.

Samandrag

I denne saka vert det lagt fram møteplan for 2024 for Styret for Fagskulen Vestland.

Torbjørn Mjelstad
rektorAdeline Berntsen Landro
prorektor*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I denne saka vert det lagt fram møteplan for 2024 for Styret for Fagskulen Vestland.

Forslag til møteplan er som følgjer:

Januar	Februar	Mars	April	Mai	Juni
Torsdag 25.		Torsdag 21.	Fredag 26.		
Juli	August	September	Oktober	November	Desember
	Tysdag 27.		Torsdag 17.		Onsdag 4.

Datoane som er markert med blått er forslag til fysiske møter ved ein studiestad. Dei øvre møta vil bli gjennomført digitalt.

Det er sett opp totalt seks møte i 2024. Møta er tilpassa politisk møteverksemd, og tek omsyn til fristar hjå NOKUT og Samordna opptak.

Ved behov kan det kallast inn til ekstraordinære styremøte. Eit møte kan avlysast eller utsetjast når det ikkje ligg føre saker som treng handsaming i styret.

Rektor vil til slutt tilrå at dei fysiske møta vert lagt til følgjande stader:

Mars – Førde

Oktober – Austevoll

Desember - Nordnes